



Dato: 08.06.2021

Notat gjeld: Innspel frå einingane

Innspel frå einingane

Innhold

Innspel frå einingane.....	1
Innspel frå NAV	2
Behov i eininga per 2021:	2
Behov i framtida:.....	2
Innspel frå Rus- og psykiske helsetenester	2
Innspel frå Heimetenestene.....	3
Utviklingstrekk	3
Butilbod for vaksne med nedsett funksjonsevne	4
Omsorgstrappa.....	4
Innspel frå Barn og familie	5
Status i dag.....	5
Framtidige behov	5
Utfordringar	5
Bustadbehov for unge.....	6
Avlasting.....	6
Barn med vedtak etter Barnehagelova § 19 g.	6
Endringar etter omorganiseringa i 2017.....	6
Ny barnevernsreform.....	6
Innspel frå Bu og habilitering.....	7
Utfordring.....	8
Innspel frå Integrering og opplæring (I&O)	8
Bustadar til flyktningar.....	8
Informasjon og oppfølging.....	9
Samarbeid	9

Innspel frå NAV

Behov i eininga per 2021:

Brukarane av nav-tenestene ønskjer å bu på Husnes, Valen, Rosendal og Sunde. Nokre vil bu i Uskedalen og på Halsnøy, men då har dei ofte ei tilknytning til plassen (oppvekst, familie).

Det er behov for bustadar til einslege og større familiar. Det er ikkje så ofte at det er eit sambuarpar eller éin forelder og eitt barn som er i behov for kommunal bustad.

Det er behov for fleire modulbygg til rusavhengige som har vanskar med å bu (større slitasje, sjeldan vasking, treng ikkje stort areal)

- Det er viktig for barnefamiliar at bustaden er i nærleik til skule/barnehage/fritidsaktiviteter.
- For jobbsøkjjarar er det viktig at det er nær jobb eller at det er lett å bruka kollektivtransport frå bustaden. Det er viktig at dette ikkje er eit hinder for å koma ut i arbeid. Generelt for alle er tilgang til matvarebutikk.

Behov i framtida:

- Behov for at det er kortast mogleg ventetid på kommunale bustadar.
- Det vert fleire unge som har psykiske lidingar, dei ønskjer ofte ein liten bustad i nærleik av butikk, lege, Distrikts Psykiatrisk Senter (DPS) t.d. Valen og Husnes.
- Få av våre brukarar er ikkje posisjon til «Leige til eige» modellen før dei er i 40-50 åra og har fått seg ein varig inntektssituasjon. Nokre som leiger bustad i dag kan få tilbod om «Leige til eige» ved ny kontrakt.
- NAV ser ein aukande gjeldsproblematikk blant alle aldersgrupper
- Ein del ønskjer å bli permanent i sin kommunale bustad, det vert dyrare å leiga på den private markanden. Ein kan helst motivera dei med faste inntekter til å kjøpe eigen bustad og kanskje den bustaden dei allereie leiger.
- For å få ei god integrering i lokalsamfunnet er det viktig at ein ikkje samlar mange like brukargrupper i same nabolag.
- NAV ser at det er få familiar som treng bustad, utan om flyktningfamiliar. NAV ser at desse familiane veks og vert for store for bustaden dei har. Det kunne vore meir aktuelt å fått ein einebustad til desse.

Innspel frå Rus- og psykiske helsetenester

Brukargruppa som har behov for kommunal bustad i denne tenesta er i stor grad einslege, utan barn, med rus og/eller psykisk lidning.

Mange brukarar er avhengig av offentleg transport, som er eit avgrensa tilbod i kommunen. Bustadane bør tola hard bruk, fordi mange har nedsett buevne.

Vi har stort press på bustadar i bufellesskap. Ein må ha gode kriterier for tildeling av bustadar med heildøgerbemanning, samt tydelege vilkår i leigeavtalen som må klargjerast for personar som vert tildelt bustad her.

Dersom utviklinga fortset som no vil det vera behov for å auka kapasiteten på bustader med heildøgerbemanning i kommunen. Det vil vera behov for å differensiera tilboda med heildøgerbemanning ut frå ulike tryggleiksnivå, for å ivareta brukarar og personale.

Bustadar knytt til bemanna bufellesskap er det behov for. Då kan ein nytta driftsressursen betre og hjelpa fleire. Her vil ein kunna opprette tilbod om heildøgerbemanning med eit lågare tryggleiks- og omsorgsnivå.

Til dømes kan kommunale bustadar i nærleik til etablerte bufellesskap prioriterast til personar som har psykisk liding og som treng oppfølging i heimen. Det vil vera høve til å nytta personell frå bufellesskapet, og brukarane kan dermed nytta seg av fellesareal og tilbod om aktivitet knytt til bufellesskapet.

Bustadane som ligg nær bufellesskapet kan òg vera ein del av prosessen med å flytta ut av bufellesskapet, med hjelp på eit lågare omsorgsnivå.

Slike bemanna bufellesskap har vi i Rosendal, Husnes og på Valen.

På Husnes er det behov for sentrumsnære bustadar med gå-avstand til tenester og handel. Små husvære som toler «hard» bruk, då det er menneske med nedsett buevne som treng bustad. Dersom ein hadde bygd ny personalbase i bufellesskapet på Husnes, ville ein kunna auka kapasiteten. Dette ville frigjort omsorgsbustadar (som i dag er nytta til personalbase), for dei som treng tettare oppfølging, og tenesta ville klart å yta tenester til fleire, og såleis fått betre oppfølging av nokre brukarane ved å ta ned rusbruk og hindra utagerande/uønskt åtferd i samfunnet.

I bufellesskapet på Valen vil ein kunna auka kapasiteten ved å byggja to små leilegheiter i nærleiken. Det vil òg vera nyttig fordi sjukehus og DPS er lokalisert på Valen der mange får oppfølging og behandling.

Innspeil frå Heimetenestene

Kunnskapsgrunnlaget er henta i frå Kommunedelplan Omsorg- Helse- og Sosial 2019-2029.

Utviklingstrekk

Folketalet i Kvinnherad har vore tilnærma stabilt dei siste 30 åra. Fram mot 2045 viser prognosane at folketalet vil gå ned med ca. 10%. I denne perioden vil ein òg få ei markant endring i aldersfordelinga med auke i talet på eldre og ein nedgang i dei yngre aldersgruppene. Det blir fleire eldre og det blir fleire med kognitive utfordringar. I tillegg blir det færre naboar/pårørande i mindre bygder. Slik vert det eit aukande behov for tenester frå kommunen i heimen.

For å klara å møta utfordringane med den sterke auken av eldre som er i gang, må Kvinnherad kommune prioritera korleis dei skal løysa behovet for bustadar til denne gruppa. For å klara å stilla opp med forsvarlege helsetenester bør ein satsa på bygging av seniorbustadar i dei største bygdene. Gjerne gjennom aktivt kunnskapssamarbeid med private utbyggjarar. I tillegg bør kommunen sjølv byggja ut bufellesskap med heildøgnsomsorg og personalbase knytt til.

Tabell: Endring i aldersfordeling i Kvinnherad (Prognose fram mot 2045)

	0-5 år	6-19 år	20-66 år	67-84 år	85+ år
2018	798	2468	7604	1923	385
2025	-68	-319	-163	+312	+99
2030	-99	-535	-329	+460	+187
2035	-140	-671	-620	+511	+355
2040	-188	-759	-1024	+606	+454
2045	-236	-870	-1325	+571	+517

(Kjelde: Statistikk.invest.no)

Kvinnherad har få unge vaksne samanlikna med andre aldersgrupper. Mange unge reiser ut av kommunen for å ta høgare utdanning, og berre ein liten del av desse kjem tilbake til kommunen etter fullført utdanning.

Prognosane viser at vi i åra som kjem framleis vil ha nedgang i talet på vaksne i yrkesaktiv og fertil alder. Ein konsekvens av dette vil vera at det òg vert ein markant nedgang i barnetalet.

Butilbod for vaksne med nedsett funksjonsevne

Kvinnherad har i dag fleire personar med nedsett funksjonsevne (som følgje av ulukker, slag osv.) i aldersgruppa 20-67 år som bur på sjukeheimane. Fleire av desse er tildelt plass i omsorgsbustader på sjukeheimar, saman med eldre menneske med kognitive utfordringar. Dette er ikkje ønskjeleg. Andre i denne gruppa bur og lever i eigen heim, og har store behov for tenester frå heimetenestene. Med ein så spreidd busetnad som Kvinnherad har, betyr dette store logistikk-kostnader og knappheit på fagressursar innan helse.

Ideelt sett treng kommunen eit bufellesskap med personalbase for denne brukargruppa med plass til 4-6 brukarar. Dei vi då få eit trygt bufellesskap med sosial kontakt med andre brukarar og omsorgstenestene i kommunen.

Omsorgstrappa

Ei god utforming av eigen heim når ein gradvis får nedsett funksjonsevne, vil vera avgjerande for kvar ein er i Omsorgstrappa. Ein tilrettelagd heim, gjerne i nærleiken til personalbase, vil spara ressursar for Omsorgstenestene i kommunen. Ein trygg og tilpassa bustad vil kunna gje mange gode år i eigen heim og redusera behovet for institusjonsplassar.

Innspel frå Barn og familie

Status i dag.

Kvinnherad kommune har ansvar for å gje avlasting til familiar med ekstra tyngjande omsorgsarbeid etter Helse og omsorgslova §3-6. Kommunen skal òg ha tilbod om brukarstyrt personleg assistanse i tråd med § 3-8 i same lov.

For barn og unge er det per januar 2021, 20 familiar som får tiltak etter denne lovgivinga. Omlag 10 av desse har relativt omfattande tiltak.

Mange av dei som har avlasting etter denne lovgivinga får det p.t. i dag av private, fordi kommunen ikkje har eit eige avlastingstilbod for barn.

Etter barnevernslova er det stadig barn plassert i institusjonar og ulike tiltak. Det er eit mål for barnevernet etter ny lovgiving og barnevernsreforma i 2022 å redusera omfanget av omfattande tiltak.

Framtidige behov

Det er vanskeleg å estimera når ein ungdom vil ha trong for eit eige butilbod. Med gode avlastingsordningar kan ungdomar truleg bu lengre i foreldreheimen, og kanskje flytta ut når det er vanleg at barn utan funksjonsvanskar gjer det.

Ut frå den oversikta kommunen har per januar 2021 vil det vera éin til sju unge kvart år som vil kunna ha trong for eit kommunalt butilbod, med større eller mindre oppfølgingsbehov. Dei neste 10 åra viser tala at 31 unge kan ha slike behov.

I samband med barnevernsreforma, og med behov under helse og omsorgslova, arbeider ein no med planar om å etablera eit tilbod der ein kan gje ulike tilbod til familiar med omfattande hjelpetrong. Det kan vera barnevernssaker der det er behov for tett oppfølging av familien over ein kortare periode, det kan vera barn som skal ha samvær med foreldre under tilsyn, og det kan vera ulike avlastingstiltak for barn og unge utan psykisk utviklingsforstyrning. Til dette vil vi føreslå at bustanden som fram til august 2021 blir nytta til einslege mindreårige flykningar vert brukt.

Lova seier at kommunen skal ha tilbod om brukarstyrt personleg assistent. Vi veit per i dag ikkje kor mange som vil be om eit slikt tilbod. Dette er ikkje eit tilbod som kommunen skal halda husvære til, men kan få betyding for driftsressursar.

Utfordringar

Per i dag er avlasting for barn og unge lokalisert til dei same bygga som avlastning og butilbod for vaksne. Dette har ført til at mange familiar vegrar seg for å ta imot tilbod om kommunal avlasting. Barn og unge treng eit annleis tilbod enn vaksne, og det er ei utfordring å få det til i same lokala. I nokre tilfelle kan barn bli redde i ei slik løysing.

Når kommunen ikkje kan gje eit eige avlastingstilbod til barn og unge kan ein risikere at fleire vel løysingar med brukarstyrt personleg assistent. Dette er krevjande å drifte, og ein misser fordelane med samdrift.

Bustadbehov for unge

Vi har kartlagt ei oversikt over bustadbehov i tenesta, som vil vera opp mot 25 nye bustadar i løpet av neste 10 års periode. Talet er usikkert fordi det er vanskeleg å seia noko på førehand om eit framtidig behov for eit barn. Desse barna lever i dag like lenge som funksjonsfriske. Difor vil det vera nokre år no framover der vi får ei auke i denne gruppa. Det er i dag planlagt eit bufellesskap der personane som skal bu der kjøper sin eigen bustad. Dette skal skje i Rosendal og ein har gjort seg tankar om det same i Husnesområdet.

For kommunen vil det vera gunstig å samla desse bustadane for å trygga sosial kontakt blant brukarane, og for å ha ei stabil personalgruppe til å drifta. Ein kan òg få til gunstigare drift ved å samla fleire saman. Desse gruppene vil ha rett på omfattande tenester.

Avlasting

Det er trong for eit velfungerande avlastingstilbod til familiar som har rettar etter helse- og omsorgstenestelova. Kvinnherad kjøper nokre slike tenester av eksterne private leverandørar i dag. Villatoppen som var eit avlastningstilbod til barn, er blitt nytta til eldre barn/ungdommar, som har ført til at mange har takka nei til tilbod frå kommunen.

Det er i dag vel 10 barn som har besøksheim i kommunal regi gjennom Eining Barn og familie, per 1. januar 2020. Av desse er det nokon som har eit auka behov for avlastande tenester som er gjentekne i behovsvurderingane under. *(dette er redigert bort pga. personvernomsyn)*

Av omfanget av barn er det tydeleg at det er store behov for avlastning dei komande åra, og ein er samde om å systematisera samarbeidet med avlastingsbustaden for å sikra at kommunen er rigga for å yta dei tenestene desse barna har rett til. Det er føremålstenleg å få etablert samarbeidet.

Barn med vedtak etter Barnehagelova § 19 g.

Ein har henta inn tal frå barnehagane. Dette gjev ei oversikt over kva behov som vil koma – med utgangspunkt i dei mest omfattande sakene i barnehagane. Totalt er det under 10 barn som kan definerast som barn med store utfordringar og nedsett funksjonsevne.

Ein veit at desse barna ofte er godt hjelpne i barnehageåra av sine nære familienettverk. Allereie no ser ein at nokre av desse barna har omfattande behov og treng meir avlasting. Når barna blir større veit ein at behovet for avlasting, og assistanse frå det offentlege hjelpeapparatet er avgjerande for at barna og familiare skal kjenna meistring av eigen kvardag og kunna leve verdige liv.

Endringar etter omorganiseringa i 2017

Villatoppen var eit avlastningstilbod for barn. I 2017 gjekk denne over til å bli drifta av bu og habilitering. Dette har ført til nokre uheldige konsekvensar for Barn og familie-eininga. Det har vore foreldre som ikkje har nytta seg av tilbodet av ulike grunnar. Det vil framleis vera viktig med god dialog mellom Barn og familie, Bu og rehabilitering og føresette for menneske med nedsett fysisk og/ eller psykisk funksjonsnivå for å få til gode overføringsordningar som er trygge for desse personane. Dette er sjølv sagt avhengig av at det er nok tilgjengelege bustadar til dei som har behov for bustad.

Ny barnevernsreform

Det vil bli lagt fram ei sak om ny barnevernslov, som vil ha betydning for eit kommunalt husvære.

Eining Barn og familie med barnevernstenesta, helsestasjon, Tiltak og ressurs og PPT ser eit samla behov for å styrkja tiltaksvifta i eininga. Dette er i stor grad knytt til den nye barnevernsreforma, som trer i kraft i 2022, som aukar ansvaret til kommunane på barnevernsområdet. Den nye reforma stiller større krav til kommunen sitt førebyggjande arbeid og tidlegare innsats.

Eining barn og familie har tankar om korleis ein kan nytta ein eksisterande bustad som ein arena for å få oppretta eit fleirbrukshus/kompetansesenter til å yta lovpålagde tenester for barn og familiar i kommunen. Huset er eit kommunalt husvære som har vore nytta til andre grupper fram til no.

Eit slikt fleksibelt hus for familiar, barn og unge kan ein "skreddarsy" tiltak basert på konkrete behov og ønsker, som er tilpassa enkeltsaker. Huset kan vera ein samarbeidsarena for fleire brukargrupper med eit tverrfagleg fokus. Huset kan både fungera som avlastning knytt til vedtaksbaserte tiltak både frå helse- og omsorgstenestelova og barnevernslova. Kommunane får større ansvar og dermed fleire oppgåver i den nye barnevernsreforma. Dette vil innebera samarbeid med BUP, fosterheimar, FACT – ung etablering med fleire.

Huset kan også fungera som ein trygg stad der ein må akutt plassera barn og unge som er utsett for t.d. vald og overgrep, før barnet blir plassert i beredskapsheim/akuttinstitusjon. I dag ventar desse barna på skulen etter stengetid. I tillegg kan huset nyttast som ein nøytral arena der barnet skal møte familie etter avdekking av vald, eller der ein skal læra foreldre til å vera saman med barnet sitt på ein god måte.

Dette huset kan nyttast framover for å testa ut funksjonane som dei vil ha bruk for. Huset bør på sikt seljast fordi det er gammalt, men det vil vera fornuftig å testa huset ut først. Vi det fungera som intensjonen? Må det byggjast om? Er det godt nok skjerma? Vedlikehaldsbehov? Er det ting som bør drøftast før ei set opp ei ny investering for eit tilsvarande/forbetra hus?

Innspel frå Bu og habilitering

Eining for Bu- og habilitering yt i dag tenester til om lag 75 personar med ulike funksjonsnedsettingar. Tenesta driftar bufellesskap med heildøgeromsorg for totalt 41 personar. Dagsenter for 23 personar, omsorgsteneste i heimen for 20 personar, avlastingsteneste for nokre vaksne og ein yter omsorgstønadar for andre.

Eining for Bu og habilitering Sør har meldt at det vil vera eit behov i kommunen å byggja fleire bufellesskap for unge over 18 år. Planane er konkrete i høve oppstart av bygging i Rosendal, og ein reknar med byggjastart i nær framtid. Det er også frå tenesteområdet ønska å få bygd eit bufellesskap på Husnes. Det kan synast som om det er fødd fleire med nedsette psykisk funksjonsnivå, men det er det ikkje. Det som påverkar auke i tenesta er at denne gruppa blir like gamle som andre. Dette har endra seg dei siste åra med betre diagnostisering og behandling for ulike lidningar. Tenesta har sett på behov og utfordringar framover:

- Behov for avlastingsteneste til unge vaksne. Desse er for gamle til å ha avlastning saman med mindre barn.
- Behov for bygging av tilrettelagde bustadar for denne brukargruppa bør prioriterast og koma på plass så fort som råd slik at kommunen har reelle avlastande tilbod for barn og deira familiar.

Utfordring

Drift

Bu og habilitering har mange gamle bygningar som er spreidde. I Herøysund, som var hovudbasen, ligg det fire einbustadar som blir drifta eitt og eitt. Bustadene er ombygde gjennom fleire år, har lite funksjonell utforming, og gjer det vanskeleg å få til tenesteyting med god utnytting av kompetanse og personalressursar. Ved å samlokalisera desse tenestene i eit nytt fellesbygg med 10 bueiningar og/eller bukollektiv, vil kommunen kunna effektivisera drifta av eksisterande tenester med 4-6 årsverk. Dagens løysing er og blir svært ineffektivt.

Kompetanse og stabilitet

I dag vil folk jobba i team med fleire der ein få fokus på fag og sosial tilhøyrslse. Trivsel i jobben blir høgare når fleire jobbar saman, og dermed blir teamet meir stabilt og folk blir verande lengre i arbeidet.

Det bør gjerast eit arbeid med blanke ark, for å sjå på organisering og plassering av tenestene for å effektivisera drifta med tanke på økonomi og tilgang på stabil fagkompetanse.

Innspel frå Integrering og opplæring (I&O)

Integrering i praksis er mellom anna at brukarane våre får høve til å kjøpa sin eigen bustad innan dei fem første åra i kommunen vår. Informasjon om korleis dei kan kjøpa sin eigen bustad må introduserast heilt frå starten av busetjinga.

Trong for bustader til flyktningar varierer og svingar frå år til år.

Kvinnherad ønskjer barnefamiliar no og i framtida. Barnefamiliar treng nærleik til skule og barnehage, og helst butikk. Dei er heilt avhengig av offentleg transport, før dei eventuelt skaffar seg sertifikat og bil sjølve. Nye familiar bør busetjast på strekninga Rosendal-Husnes. Desse gruppene blir ofte definert som fattige fordi dei ikkje har greidd å skaffa seg fast arbeid medan dei lærer norsk og får ei utdanning.

Dei siste to åra har IMDi bedt Kvinnherad om å ta i mot 10 flyktningar per år. Tidlegare år har talet vore langt høgare. Kvinnherad ønskjer å ta i mot fleire flyktningar per år, og ventar berre på høve til å ta i mot opp til 30 flyktningar per år.

Det har aldri vore fleire flyktningar i verda enn akkurat no, og i åra fram mot 2030 vil talet flyktningar truleg også auka i Kvinnherad. Difor vil trongen for bustadar og truleg auka.

I tillegg har vi trong for bustadar til dei som allereie har leigekontrakt og som er komen til Kvinnherad dei tre siste åra. Desse vil ikkje ha rett på kommunal bustad utover dei tre åra som dei har fått, men kommunen har ofte forlenga kontrakten når familiar ønskjer det. Kommunen kan også stimulera til at flyktningfamiliar får kjøpa den kommunale bustaden dei bur i, men dei er avhengige av fast inntekt.

Bustadar til flyktningar

- Det er i hovudsak trong for familiebusadar i perioden framover

- Tilrår busetjing i hovudsak på strekninga Rosendal – Husnes på grunn av offentleg transport til og frå vaksenopplæringa. Offentleg kommunikasjon blir mykje nytta av denne gruppa.

Informasjon og oppfølging

- I&O meiner at leigeavtalar kan vera ein treårig kontrakt, og at avtalen vert følgt opp undervegs av utleigar i samarbeid med I&O.
- Dersom leigekontrakten vert følgt opp undervegs kan brukarane våre koma raskare inn i eigen bustad.
- Det er viktig at utleigar melder frå i god tid at fristen for leigeavtalen/leigekontrakten går ut, slik at leigetakar kan førebu seg på eventuelt flytting.
- Brukarane våre har trong for ekstra omsyn i høve informasjon. Informasjon må bli gitt på morsmålet til leigetakar, og utleigar må sikra seg at leigetakar forstår.
- Utleigar er inne frå starten av i busetjingsprosessen og informerer mellom anna om *Leige til eige* og om startlån og andre ordningar.
- God informasjon om avtale om *Leige til eige* kan bidra til at brukarane våre kan kjøpa sin eigen bustad og bli verande i Kvinnherad kommune.

Samarbeid

- I&O og bustadforvaltar har faste samarbeidsmøter fire gonger i året, og har dialog om gjennomføring av kommunestyrevedtak og busetjing og utveksling av informasjon om avtalar gjort med IMDi . I&O og bustadforvaltar har eit årshjul for samarbeid og rutinar.